


BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 3, 2004/2005

Februar - mars - april

President Endre Sandnes



Redaksjonskomité: Hjerdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Magne Lundemo, Rolf Haugerud

Møte 12. februar

Årsfesten

Møtet denne veka var flytta frå den ordinære møtedagen tysdag den 8. til laurdag den 12., og då saman med den årsfesten.

I år var det i kantina til Brattvåg Skipsverft AS at knappe 50 festpyn- ta og feststemte rotarianear med fylgje var samla til den tradisjonelle årsfesten.

President Endre opna med å ynskje alle velkomne og med ein spesiell velkomst til reflektant

Rolf Doran med fru Jorun og li- keeins til kveldens tre enker, enker etter tre avdøde medlemmar av Brattvåg Rotaryklubb. Klubben set stor pris på at desse er saman med oss på årsfesten.

Presidenten overlet så styringa av festen til klubbmeister Arne Tande, som styrte det heile med stø hand gjennom både sang, mat og talar. Menyen var skaldyrssalat, okse- ytrefilet og bjørnebær med is og kaf- fi.

Undervegs tala Eli Sandnes for her- rane, Knut Uksnøy for damene, og Bente Brun takka for

maten, alle tre med stor bravur. Kveldens høgdepunkt var utnemning av årets "rågjengar" og overlevering av Rågjengar statuetten til Rolf Haugerud. Det var i år liten tvil om at årets rågjengar måtte bli Rolf H. etter hans skjellsettande bestigning av den over 1400 meter høge Blåtind under haustturen til Stordalsfjella.

Eit anna festleg innslag var at vi kunne markere gullbryllaup for Njål og Kari Remmereit med



stor applaus og sjampis. Det er ikkje mange slike bryllaup no for tida, og færre blir det nok.

Og etter bordseta og ommøblering kunne festen halde fram med dans til tonar frå ein Volda-trio, som

referenten dessverre ikkje hugsar namnet på.

Nok ein vellykka årsfest.

Ref. Th.M.

Møte 15. februar

Religion og politikk i Rotary

v/ Johan Daae Quale

President Endre åpnet møtet takket for sist, en vellykket årsfest og han takket talerne, Bente, Eli og Knut. Fødselsdag: Trond 11.02.

Hilsen og takk fra Arbhild Skjel- ten, for blomster på Hilmar's bære. Njål rapporterte fra Brattholmen. Årets første kje, en bukk!

Vårt 100-års møte blir felles med Vatne-Tennfjord RK og Midsund RK onsdag 23.02. Kl 1830, lagt ut på vår hjemmeside.

Brev fra vår Guvernør Magne vedr. 3-min, et av møtene i måne- den vies Rotary.

Dagens foredragsholder, PDG Jo- han Daae Quale, Ørskog RK, er vedvarende sterkt engasjert i og for Rotary.

Religion og politikk i Rotary

Han innledet med Polio Pluss der vi nå nærmer oss slutten. Det blir mer og mer kostbart å nå fram til de siste områdene med Polio. Det trengs fremdeles bidrag, merk disse polio Partners.

Politikk er et ikke-tema i Rotary.

Rotary skal utelate to ting: Parti- politikk og religion. Han ville komme med personlige betrakt- ninger knyttet opp mot Rotary. Det er 1,2 mill. rotarianere i 30 000 klubber i 66 land og i til- legg Roaract og interact. Alle klubber har møte en gang i uken, rotarianerne skal ha det hyggelig og man tar opp prosjekter. Rotary er helt frivillig og den mest demo- kratiske organisasjon, trass i ulike levevilkår, takhøyde og mulighe- ter. Rotary må avstå fra spesielle



Bilete frå den flotte middagen på årsfesten med ein smilande og fornøgd pre- sident i forgrunnen!

uttalelser, Rotary har plikt til å holde seg orientert og foreta selvstendige vurderinger. I Norge ble Rotary forbudt under 2. Verdenskrig. Etter krigen var Rotary forbudt i Øst-Europa, men oppstod på nytt etter jernteppets fall. En Rotary-konferanse i London i 1943 ga opptakten til UNESCO og i 1978 til HHH og senere opptakten til Polio Pluss. Vi påvirkes av mediene og plikter og holde oss orientert også politisk.

Hvordan behandles religion?

Det foreligger intet i Rotary om religion. Paul Harris sa at toleransen er det helt fundamentale. Rotary har de samme regler innenfor alle religioner. Lovrådet har behandlet mange saker uten at noen har omhandlet religion. Jo større kunnskap om andre religioner, jo bedre.

Etikken har blitt mer og mer fremtredende, 4-spørsmålet. Rotary skal være tro mot etiske normer og samfunnets krav. Johan framholdt at etikk og religion hører sammen. Verdens befolkning har på 30 år økt fra 3. milliarder til 6 milliarder og Norge er på toppen av kaka. Johan stilte spørsmål om religion er uavhengig av ressurser? Johan satte opp tre hovedpunkt:

1. Liv og menneskeverd
2. Gjensidig tro og fellesskap
3. Medmenneskelig tjeneste basert på rettferdighet

Fra Moseloven til Rotary tjeneste-ideal!

President Endre takket PDG Johan hjertlig og framholdt at Johan's foredrag passet godt inn i Rotary's 100 års møte. Tilslutt ble Johan overrakt Småkraftverk.

RH

Møte 23.mars: Sammøte m/ Vatne/Tennfjord RK og Misund RK: 100-års markeringa

Møtet denne veka var flytta til onsdag for at det skulle passe med hundreårsdagen for Rotary sin fødsel, som var 23. februar 1905. Det var sammøte med rotaryklubbane i Midsund og Vatne-Tennfjord, og det var godt framsmøte frå alle tre klubbane.

President Endre opna med å ynskje

alle og spesielt medlemmene frå naboklubbane, velkomne til denne hundreårsmarkeringa for Rotary. Presidenten tok først ein summarisk gjennomgang av Rotarys "tilblivelse" og framvekst i USA, internasjonalt og i Norge, fram til dagens Rotary med klubbar i over 160 land, og over ein million medlemmer. Så sanneleg har Paul Harris sin ide fenga og spreidd seg i desse 100 åra som er gått. Presidenten nemnde også litt om Rotary sin innsats på dei humanitære- og samfunnsnyttige områda gjennom desse 100 åra, der spesielt Polio Pluss aksjonen er flaggskipet. Og kanskje noko som er meir ukjent for mange, den sterke og gode kontakten Rotary har med FN-systemet.

Så var det mat med velsmakande rundstykke, og ikkje minst ei gedige jubileumskake.

Deretter fekk ein representant for kvar klubb høve til å presentere sine hundreårsprosjekt.

Knut Uksnøy fra Brattvåg var først ute og fortalte om vårt prosjekt på Brattholmen med bilete av skogryddarane våre, geitene.

Per Orvik frå Vatne-Tennfjord fortalte om deira prosjekt som er parkanlegg rundt det nye idretts- og kulturhuset på Eidet.

Så var det Odd Kjell Sjøvik og Agnar Opstad frå Midsund som presenterte sitt prosjekt, renovering av den gamle Skarsvegen frå Rakvåg til Sør-Heggdal.

Brattvåg nytta høvet denne kvelden til å utnemne ein ny Paul Harris Fellow, nemleg Rolv Rørhus. I grunngevinga vart det særleg lagt vekt på hans store samfunnsengasjement for lokal-samfunnet, politisk og særleg næringspolitisk, og hans forfatterskap. Og ikkje minst har han i ei tredveårs tid vore ein engasjert rotaryanar med dei verv som det byr på.

Endeleg må vi ikkje gløyme at Brattvåg tok opp eit nytt medlem denne kvelden. Det var Rolf Doran som er prosjetleiar ved Brattvåg Skipsaverft AS.

Alt i alt ein svært triveleg kveld, berre synd at det vart så lita tid til å

samtale med våre gode Rotary-naboar. Men slik er det gjerne når ein er avhengig av ferjeavgangar (Midsund).

Ref.
Th.M.

Møte 1. mars: Brannvernet i Haram v/Stig Fjørtoft

Åremål: Paul Arne – Kjell A.

3-min. v/Bente Bruun

Tema: Mange av dei tilsette både i offentlege og private verksemdar vel dessverre å bu utanfor Haram, dette synest spesielt å gjelde for personar i leiar-stillingar.

Stig Fjørtoft, brannsjefen i Haram, stod for kveldens hovedpost som var om Haram Brannvern. Brannvernet er lagt inn under justisdepartementet med Odd E. Dørum som øverste sjef. Staten sit i rolla som lovgivar, premissmakar og kontrollør.

Ansvarsoppgåvene kan delast i to:

Forebygging av brann:

Brannsyn av større bedrifter og institusjonar. Ein leiger inn tenester frå Ålesund til dette. Viktig i dette arbeidet er også opplæring og besøk i skular, barnehagar og lignende. Stig er einaste heiltidssett, saman med to andre brannbefal, Eldar Sæterøy og Nils Kr. Skaar, dei einaste som har faste vakter. Det er enten etc.



Brannsjef i Haram, Stig Fjørtoft

vanleg brannvakt eller såkalla teknisk vakt som inneber tilsyn med vegar, vatn, kloakk, div. alarmsystem

Brannberedskap:

Dette andre hovudområdet inneber brannøvingar og drift av 7 brannstasjonar. Brannvernet i Haram er såleis svært desentralisert med stasjonar i Brattvåg, Vatne, Søvik, Lepsøy, Haramsøy, Longva og Fjørtoft. Det er totalt ca. 80 mann i brannstyrken. Alle er frivillige og drifta basert på dugnadstanken, minimalt med godtgjersle. Ein har ca. 40 uttrykningar i året, nokre av dei er unødvendige og skudlast feil ved brannanlegg eller lignende.

Stig viste oss utviklinga i brannvernet ved å vise bilder av det eldste og nyaste innan brannslukningsutstyr, m.a. ein presentasjon av den nyaste brannbilen og alt det den har av utstyr. Det er ei stor utfordring å halde brannbilane og utstyret i orden til eikvar tid.

I Brattvåg har ein også ein redningsbil med klippeutstyr. Ved trafikkulykker handler det om å få ei skadde så raskt ut av vraket som mogleg, maks 10 min er målet. Brannsjefen (eller stedfortreder) er øverste myndighet på skadestedet til politiet kjem.

Staten stiller stadig strengare krav til utdanning/opplæring – som kommunen må betale. Det er ei utfordring å takle desse krava utan å gå på akkord med dei frivillige sine behov og hovedarbeidsgivar sin velvilje. Det er eit stort spørsmål om ein klarer å rekruttere nok brannfolk i framtida.

Tilslutt viste Stig bilder frå lokale brannar og tragediar som vekte dystre minne hos dei fleste. Dette synleggjorde også det faktum at brannfolk opererer i frontlinja både ved tragiske ulykker og dramatiske brannar. ML

Møte 8. mars: Presentasjon av klubben si internettside v/Ivar & Trond

Før hovedposten tok til, hadde Paul Arne 3-minutt der han tok opp to typiske utviklingstrekk ved språket til ungdommen. Eit positivt trekk er det nye SMS-språket der ungdommen gjennom forkortingar og dialekt har skapt eit "eige" språk som

ser ut til å fungere godt til intern kommunikasjon. Eit heller negativt trekk er den forflatinga av språket ikkje minst unge idrettsfolk skaper ved å skildre alle opplevingar og prestasjonar som "sinnsykt" bra, "sinnsyk" stemning, "sinnsykt" dårleg osv.

Kveldens hovedpost var ein presentasjon av klubben si heimeside på internett. Redaktøren av heimesida, Ivar, godt assistert av Trond gjekk gjennom alle dei ulike sidene som finst der.

Heimesida består av ei framside med sentral info om klubben og med linker til resten av sidene:

- Info om Haram og Brattvåg
- Frå oppstarten og charterfesten
- Info om klubben (Styret og komitéane)
- Oversikt over presidentane i klubben
- Medlemsoversikt
- Medlemsbrev frå klubbmøta
- Månadsbrev frå Guvernøren
- Frammøteprosenten
- Programmet, oppdatert til ei kvar tid!
- Presentasjon av alle i klubben som har fått Paul Harris-medaljen
- Presentasjon av æresmedlemmene
- Presentasjon av klubben sine ulike prosjekt
- Ungdomsutveksling
- Rågjengarstatuetten

- Oversikt og presentasjon av kulturprisvinnarane
- Linkar til Rotary International, Rotary Norge, distrikta og klubbane i Distr. 2280

President Endre konkluderte etterpå med at klubben har ei imponerende og informativ heimeside som dei fleste andre klubbar kan misunne oss. Mange takk til redaktør Ivar!!

ML

Møte 15. mars: Pensjonistfest

President Endre ønskte ca 40 pensjonistar og 20 rotaryanarar velkomne til årets pensjonistfest. Klubbmeister Arne T. tok over og leia oss gjennom ein triveleg og innhaldsrik kveld.

Aaslaug L. Vågnes synte først lysbilde frå Brattvåg i gamle dagar, noko som var populært og som tydelegvis engasjerte alle som var til stades. Hovedposten var likevel kaffimåltidet med god stemning og loddsal undervegs.

Etter måltidet fortalde Leif S ei fornyeleg historie om den pensjonerte Bergensaren som fekk hjelp med ein godstol som var øydelagt.

Njål og Arne V. (Rotary boys) avslutta med to stemningsfulle melodiar på henholdsvis trekkspel og gitar.

Endre takka alle for frammøtet – Magnhild Longva takka på vegne av Pensjonistlaget Brattvåg Rotaryklubb for den fine festen. ML

Bilete under: Triveleg stemning rundt kaffibordet på pensjonistfesten!





President Endre og Rolf D. forsyner seg frå eit som vanleg imponerende kake- og smørbrødbord under pensjonistfesten! Takk til dei som bakar!

Møte 29. mars: Yrkesforedrag v/Helge Austbø

- Åremål: Hillbjørg
- 3-minutt: Ivar las eit dikt om pensjonistens kår – ord til ettertanke!

Hovedpost: Yrkesforedrag ved Helge:

Helge vart fødd på Austbø'n i 1956. Han karakteriserer seg sjølv som ein ekte Brattvåg-patriot som trass i at han har budd 20 år på Grytastranda, alltid har hatt Brattvåg-adresse!

Han tok økonomisk gymnas i Vol da (ferdig i 1976). I militæret tjenstegjorde han i feltartilleriet i Fredrikstad og på Åsøygarden (Harstad). Etterpå arbeidde han eit år hos herredsagronomen der han styrte landbruksvikarane. I februar 1978 fekk han stilling på likningskontoret i Haram der han i ein to-års-periode fekk utdanning under arbeid. Han drog til Bergen (80-81) der han på Skatteetatsskulen tok 2. avdeling. No arbeidde han i Brattvåg som likningsfunksjonær fram til 1989, då reiste han på nytt til Bergen, denne gongen for å ta 3. avdeling. På denne tida begynte ein med store omstruktureringar i skatteetaten der distriktstenking og regionssamarbeid vart den nye løysinga, ei utvikling Helge var heller skeptisk til. Helge fekk stilling på

Fylkesskattekontoret i 1991, men same året fekk han jobb som likningssjef i Misund, ei stilling han var i til 1998. Då vart Midsund organisert under Molde og Helge begynte som likningsrevisor i Haram, Giske og Misund fram til 2001. Då hoppa han av frå det offentlege og begynte som revisor hos John Johansen der han framleis arbeider. Helge har kontor både i Brattvåg og Ålesund. Han trivst svært godt i denne stillinga og saknar på ingen måte "gamlejobben".



"The Rotary Boys" underhold på pensjonistfesten. Arne og Njål i svingande samspel på trekkspel og gitar - eit populært innslag!

No bur han i Synnalsdalen med to barn og pusen Mette-Magnus!

ML

Møte 5. april: Fritt møte/ Førebuing av dugnad

Presidenten orienterte om litt klubb-saker før ein gjekk over til å planleggje dugnaden på Brattholmen 12. april.

Møte gjekk stort sett med til å planleggje, og å sette opp grupper til dugnaden. Knut stiller med båt. Resten av tida vart brukt til litt drøs.

HS

Møte 12. april Dugnad på Brattholmen

Sjølv om regnet og vind piska rundt øyrene, tok 14 rotaryanarar likevel med seg sag og anna utstyr for å vere med på den planlagte dugnaden på Brattholmen. På tross av veret, frakta Endre dei trygt på plass og dei fekk gjort mykje godt arbeid. Eldar Sæterøy hadde leigt ein minigraver og gjorde ein kjempejobb med å rydde badestranda for tare og store steinar. Her står det igjen å rake småstein og ordne litt.

Den planlagte stien på vestsida vart nesten ferdig, og bygginga av grillen er godt i gong. Likeins er stupebrettet halvferdig.

Det må truleg brukast ein laurdag for å gjere arbeidet som står igjen og ta ein siste finpussen før den offisielle opninga 28. mai. HS